

Isachsen i kyrkja neste tysdag**02.03.2009**

**Tysdag 10.mars kl. 1900 kjem prest og forfattar Karsten Isachsen til Uskedalen kyrkje med si tale
Gledens Gud.**

**Soknerådet har kalla arrangementet Kyrkjekveld og det blir også orgelmusikk ved Lars Eirik Tjeldflåt,
fortel soknerådsleiar Audun Eik til uskedalen.no.**

**Den karismatiske talaren har nyleg runda 65, men er stadig aktiv. Han har eit imponerande livsverk bak
seg.**

I 1978 debuterte han som forfattar med bokan *Gjester som ikke vil gå*.

Sidan den gongen har han gjeve ut 35 bøker i Noreg, Sverige, Danmark og Finland, med eit samla opplag for bøker og lydbøker på over ein halv million!

Dei siste 25 årene har Karsten vore mykje på ferde i norsk næringsliv, men samstundes har han halde nesten like mange talar og preiker ved kyrklege arrangement. Kvart år vitjar han mange kyrkjer og formidlar tankar frå sin huspostill *Livsglede*:

"Jeg kjenner stor glede ved å ha kirkens prekestol som min sentrale arbeidsplass.

Det har vært noen spennende år med forelesninger for næringslivet om kommunikasjon og konfliktløsning. Og min yrkeserfaring som prest har alltid skint igjennom. Men det er kirkens prekestol som står mitt hjerte nærmest. Her kan jeg tale om alle menneskelivets sider, med hovedvekt på den åndelige dimensjon," seier Skurdalspresten.

Han bur framleis i Skurdalen på Geilo.

I den store spørjeundersøkinga for eitpar år sidan der 3000 svara på sitt tilhøve til Den norske kyrkja, var ett av spørsmåla om kva for prestar dei har respekt for og samstundes likar å lytte til.

Dei tre som fekk høgast utteljing her var Rosemarie Køhn, Karsten Isachsen og Bjørn Eidsvåg.

Etter Isachsen si livsglade tale blir det bokcafé.

Her får ein helsa på talaren og sjå på hans bøker. Vil ein kjøpa ei bok, får ein ho signert.,

Arrangementet har fri entré. Det heiter i pressemeldinga at det vert ein annleis, spanande og glad kveld i kyrkja.

Av Ola Matti Mathisen